

# Årsmøte i Rossland Skulekorps torsdag 09.02. 2017 kl 19.00

Stad: Rossland skule, gymsalen

## **1. Konstituering.**

Møteleiar: Øystein Blom

Skrivar: Thomas G. Fosse

Frammøtte: 12 foreldre, 6 musikanter

Stemmerett:

Musikanter over 12 år: 6 møtte

Foreldre til musikanter under 18 år: 12 møtte

Innkalling og sakliste godkjent.

## **2. Godkjenning av årsmelding.**

Årsmelding 2016 godkjent.

## **3. Godkjenning av avslutta og revidert rekneskap med revisjonen sine merknader.**

Revidert rekneskap med revisor sine merknader 2016 godkjent.

## **4. Saker fremja av korpsstyret.**

Ingen saker fremja av korpsstyret.

## **5. Saker fremja av korpsmedlemmene.**

Ingen saker fremja av korpsmedlemmene.

## **6. Plan og budsjett, herunder kontingent.**

Budsjett godkjent med følgjande endringar;

(Driftskostnad) Reparasjon og vedlikehold utstyr endra til 10.000,-

Etter litt diskusjon rundt kontingent kom 2 forslag fram;

1. Legge til 400 kroner i året pr. år i instrumentleige.

2. Ikkje auke kontingent.

Forslag 2 vedtatt med 10 mot 7 stemmer. Kontingent vert uendra i 2017.

## **7. Val av leiar for 1 år.**

Cathrine Danielsen valt med 11 stemmer (Sissel 1 stemme, Rune 2 stemmer. Resten stemmer blank.)

## **8. Val av 2/3 styremedlemmer på val for 2 år og nummererte varamedlemmer for 1 år.**

2 styremedlemmer:

Sissel A. Bertheussen og Therese Høgquist valt med 11 stemmer

(Birgit Haug Pihl 1 stemme, Åsmund Hannevold Sakseide 1 stemme. Resten stemmer blank)

1.vara:

Thomas G. Fosse valt med 10 stemmer (Siv Stokkenes 3 stemmer, Sølvi Jarness 1 stemme, 1 nei. Resten blank)

2.vara:

Siv Stokkenes valt med 15 stemmer (Resten blank)

3.vara:

Tommy Sjurseth valt med 15 stemmer (Resten blank)

Kasserar:

Paal Sundby valt for 1 år.

Revisorar:

Øystein Vatnøy og Øystein Blom valt for 1 år.

Valte representantar er identisk med valnemda sitt forslag til årsmøtet.

## 9. Eventuellt

A.

Det er svært dårleg varme i gymsalen. Tilbakemelding frå kommunen er at varmeanlegget skal ordnast innan få veker. Catrine undersøker med Meland musikklag om skulekorpset kan få øva i musikkhallen ein periode framover.

Skulen ønskjer på sikt å få opp eit ekstra bygg utanfor gymsalen for korpset kombinert med musikkrom for skulen. Øystein Blom følgjer opp dette saman med rektor.

B.

Øystein informerte om at Glenn Sørskår har fått innvilga permisjon av kulturskulen fram til sommaren. Stillinga er lyst ut av kulturskulen med søknadsfrist i dag 09. februar.2017. Det nye styret følger opp denne saka.

C.

Det er ønskje om å få til ein litt lengre tur (utanlands) våren 2018. Det nye styret tar denne saka vidare i sitt arbeid. Dette krev at ein kjem i gang tidleg med planlegging og alternativ.

Thomas G. Fosse  
Skrivar